



**Venstre i Kvinnherad er ikkje noko einmannsføretak slik at uskedelingen Kjell Yri bestemmer standpunkt åleine i kommunestyret. Det gjer den nye leiar Kent Are Kjørsvik Petterson klårt i eit leserinlegg. Han viser til møtet på Husnes der Høgres Peder Sjo Slettebø spurte Yri om Venstre vill ha stemt for nedleggjing av skulen i Uskedalen. Det vart nærmast framstilt som om Yri berre er ute etter å verna si eiga bygd, held den nye leiaren fram. At ein person skal ha einerådande makt over vedtaka strir mot alt partiet står for, understrekar han.**

Han viser til den grundige behandling foran kommunestyremøta der det blir teke ei samla avgjersle om kva partiet skal meina. I tillegg er det fortløpande kontakt om saker som er oppe.

Den nye leiar påpeikar også at Yri ved fleire høve er kritisert som uskedeling og ikkje som Venstremann også i saker der han har uttala seg på vegner av partiet.

På biletet står han bak medan den nye leiar og avtroppande leiar Kristian Bringedal sit foran. Annemor Ekeland og Ingrid Handeland er damene på biletet. (Foto: Ola Matti Mathisen)